



SELJE KOMMUNE

Arbeidsmiljøutvalet

Møtebok

Møtedato: 18.03.2015

Møtetid: Kl. 10:00 – 12:30

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 001/15 - 005/15

Følgjande medlemmer møtte

Arb.gjevar:

SP: Gunn Sande (leiar). TP: Ottar Nygård. Rådmann Ørnulf Lillestøl.

Kommunalsjef Helse og omsorg, Åse Elin Hole.

Arb.takar:

Fagforb. v/Sissel Solheim, Turid Hopland. Hovedverneombod Ralph Sommerfeldt.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Utd. forb. v/Evy Hagen. Hadde meldt avbud (permisjon)

Følgjande varamedlemmer møtte

Fagforb. v/Oddrun Hjelle

Følgjande frå administrasjonen møtte

Bedriftshelse1 v/Gunnhild Øksne.

Personalkonsulent Margunn Myklebost, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

8 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av møtebok
002/15	Referatsaker
003/15	Årsrapport 2014 - Bedriftshelse1 Unnt. off . Offl.§13
004/15	HMT - inndeling av verneområder i Selje kommune - evaluering
005/15	Mål- og handlingsplan for IA-arbeidet i Selje kommune 2014/2015 - revidering

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.03.2015	001/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/186
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 26.11.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.03.2015	Møtebok AMU 26.11.14.pdf	63930

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 18.03.2015

8 voterande

AMU-001/15 VEDTAK

Møteboka frå møte 26.11.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.03.2015	002/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/185
--------------------------------------	---------------	----------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/1160	U	10.03.2015	Arbeidsmiljøutvalet	Opsjon på forlenging av kontrakt med Bedriftshelse1

2. Kvalitetslosen - Orientering / statusrapport v/Anita Otneim Hoddevik

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 18.03.2015

8 voterande

Tilleggsreferat:

03.Tilsyn av Selje legekantor. Orientering.

04.Heiltidsvalet – Orientering om prosjekt.

AMU-002/15 VEDTAK

01.Går til Formannskapet som eiga sak, med anbefaling om forlenging slik avtala opnar opp for.

02. Orientering /gjennomgang av Kvalitetslosen v/prosjektleder Anita Otneim Hoddevik.
AMU ønsker nærare presentasjon av programmet Kvalitetslosen på neste møte i juni.
03. Orientering v/komm.sjef Helse og omsorg Åse Elin Hole vedk. tilsyn Selje legekontor.
Teke til orientering.
04. Informasjon v/tenesteleder Ragna Haaland om innføring av årsplan innanfor turnusarbeid
i Pleie og omsorg . Teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

Ikkje offentleg
Offl. § 13

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.03.2015	003/15

Sakshandsamar Margunn Åhjem Myklebost	Arkiv FE-442	Arkivsak 15/66
---	------------------------	--------------------------

Årsrapport 2014 - Bedriftshelse1



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.03.2015	004/15

Sakshandsamar Margunn Åhjem Myklebost	Arkiv FE-440	Arkivsak 13/630
--	-----------------	--------------------

HMT - inndeling av verneområder i Selje kommune - evaluering

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.03.2015	Inndeling av verneområde gjeldande frå 01.05.14.xlsx	53908

Saka gjeld

Inndeling av verneområde i kommunen, evaluering.

Opplysningar til saka

Saka var til handsaming i AMU 19.03.2014. Vedtaket lyder: Arbeidsmiljøutvalet godkjenner forslag til inndeling av verneområde. Inndelinga utgjer 9 verneområder og gjeld frå 01.05.2014. (viser til vedlegg i saka). Ordninga skal evaluerast våren 2015.

Lover/regelverk

Arbeidsmiljølova Kap.6

Sakshandsamar si vurdering

Hovedverneombod har på oppdrag frå sakshandsamar teke kontakt med verneomboda og fått følgjande tilbakemelding:

Selje skule/Selje barnehage: Stort område med mange tilsette/uoversiktleg

Stadlandet skule/Leikvang barnehage: Same tilbakemelding som Selje skule/Selje barnehage

Vernepleietenesta: Ugunstig oppdeling Selje/Stad – avstander – lite kjennskap til kvarande

Heimetenesta -Sone nord/sone sør: Vanskeleg å skilje mellom områda- store avstander.

Slik sakshandsamar tolkar tilbakemeldingane frå HVO bør ein sjå på inndelingane av verneområda og om dagens ordning fungerer etter intensjonen i Arbeidsmiljølova:

§ 6-1 (2)

«Hvert verneområde skal være klart avgrenset og må ikke være større enn at verneombudet kan ha full oversikt og ivareta sine oppgaver på forsvarlig måte.»

Vi bør difor sjå på om vi skal auke antal verneområder og ha ei anna inndeling enn den vi har

i dag. Sakshandsamar har følgjande forslag:

Selje skule og Selje Barnehage blir 2 sjølvstendige verneområder

Stadlandet skule og Leikvang Barnehage blir 2 sjølvstendige verneområder

Vernepleietenesta på Stadlandet blir eige verneområde som består av Stadlandet omsorgsbustader og Trivelig avlastning.

Vernepleietenesta i Selje blir eige verneområde som består av Selje omsorgsbustader og Hove aktivitetssenter.

Heimetenesta kan vere eit verneområde som inkluderer eldretuna og tryggleiksavdeling

Dei andre verneområda blir som i dag.

Saksgang

Arbeidsmiljøutvalet gjer vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Arbeidsmiljøutvalet godkjenner nytt forslag til inndeling av verneområde. Inndelinga utgjer 11 verneområder og gjeld frå 01.05.2015.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 18.03.2015

8 voterande

Framlegg frå Arbeidsmiljøutvalet (AMU):

AMU føreslår å oppretthalde dagens 9 verneområde inntil vidare.

Innan 01.02.16 vil ein komme tilbake med sak om å redusere verneområda geografisk.

Administrasjonen legg fram sak for AMU.

Røysting:

Framlegg frå AMU fekk 8 røyster for. Samrøystes.

AMU-004/15 VEDTAK

AMU føreslår å oppretthalde dagens 9 verneområde inntil vidare.

Innan 01.02.16 vil ein komme tilbake med sak om å redusere verneområda geografisk.

Administrasjonen legg fram sak for AMU.

Samrøystes.

Utskrift til:

Hovedverneombod Ralph Sommerfeldt

Rådmann



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	18.03.2015	005/15

Sakshandsamar Margunn Åhjem Myklebost	Arkiv FE-440	Arkivsak 13/623
---	------------------------	---------------------------

Mål- og handlingsplan for IA-arbeidet i Selje kommune 2014/2015 - revidering

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	19.11.2013		Mål- og handlingsplan for IA-arbeidet i Selje kommune 2014/2015

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.11.2013	Målformulering med tiltak inkluderande arbeidsliv 2014-2015.xlsx	50815

Saka gjeld

Mål- og handlingsplan for IA-arbeidet i Selje kommune 2015 – revidering

Opplysningar til saka

Overordna mål- og handlingsplan for IA-arbeidet i Selje kommune 2014/2015 var vedteke i AMU 26.11.2013. Denne planen inneheld 3 delmål: 1. Halde det legemeldt sjukefråværet vårt på gjennomsnittet i Sogn og Fjordane, dog under 6,5%, 2. Auke pensjonsalderen ved å motivere eldre arbeidstakarar til å stå lengre i arbeid og 3. Drive godt nærværarbeid slik at færrest råd går frå yrkessaktivitet til trygd. Som kommunen sin gjeldande mål- og handlingsplan viser er det sett opp korleis desse måla skal nåast, kven som har ansvaret og med tidsfristar.

Lover/regelverk

Arbeidsmiljølova

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter har inngått ein ny samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv som gjeld i perioda 2014-2018. Dei overordna måla for IA-avtalen er: - å betre arbeidsmiljøet, styrkje nærværet til jobb, førebyggje og redusere sjukefråværet og hindre utstøying og fråfall i arbeidslivet.

Selje kommune har dessverre ikkje greidd å nå måla som er sett opp i planen. Sjukefråværet er dessverre alt for høgt i nokre einingar og virkemidla som er nytta har ikkje ført til lavare sjukefråvær. Vi har hatt møte med Arbeidslivssenteret og NAV Selje for å diskutere kva vi kan gjere for å redusere sjukefråværet. Dei er opptekne av at vi må ned på einingsnivå der sjukefråværet er særst høgt for å lage eit opplegg i samarbeid med tillitsvalde, verneombod og leiing på arbeidsplassen. Vi kan også nytte Bedriftshelse1 i dette arbeidet i samarbeid med NAV Arbeidslivssenter.

Det er eit krav om at einingane/tenesteområda må ha eigne mål- og handlingsplanar i høve IA arbeid. Det er viktig å jobbe med haldningar. Leiarane må ha god kunnskap om virkemidler, vere bevisst og trygg i rolla i oppfølgingssamtaler med den sjukmelde.

Saksgang

Arbeidsmiljøutvalet gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sakshandsamar ber Arbeidsmiljøutvalet kome med eventuelle framlegg om endringar i mål- og handlingsplan for 2015 og tiltak som kan føre til nedgang i sjukefråværet på kort og lang sikt.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 18.03.2015

8 voterande

Framlegg frå Arbeidsmiljøutvalet (AMU):

AMU ber rådmann koordinere dei ulike aktørar for å få ned sjukefråværet i kommunen. Hovedtrekka i gjeldande mål- og handlingsplan vert vidareført. Planen vert å rullere nov. 2015.

Røysting:

Framlegg frå AMU fekk 8 røyster for. Samrøystes.

AMU-005/15 VEDTAK

AMU ber rådmann koordinere dei ulike aktørar for å få ned sjukefråværet i kommunen. Hovedtrekka i gjeldande mål- og handlingsplan vert vidareført. Planen vert å rullere nov. 2015.

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Komm.sjef Helse og omsorg

NAV arbeidslivssenter v/Per Kinden

NAV Selje v/leiar

